

Forslag til

Covarrubias – Hordaland - Kunstnar-/kulturarbeidarbustader/recidency - Retningslinjer for utvekslinga og prinsipp for bruksavtale

Pr 16.03.2016

Prinsesse Kristinastiftelsen og Hordaland fylkeskommune er samde om følgjande prinsipp for brukaravtale og retningslinjer for utvekslingsordninga:

Hensikta med ordninga er å vidareutvikle/styrke kontakten mellom spansk og norsk kulturliv. Dette skal liggje i botn for alt arbeidet med utvekslinga og utveljing av residentar.

Det er vanskeleg å forutsjå interessa for dette tilbodet, så retningslinjer må kunne justerast etter kvart når ein ser kva respons dette tilbodet utløyser. Tilbodet og avtalen vil verte evaluert etter tre år.

Det vil bli stilt til disposisjon eit husvære i Covarrubias til bruk for arbeids- eller forskingsopphald for norske kunstnarar og kulturarbeidarar, og det vil vere mogleg med eit tilsvarande opphald for spanske kunstnarar og kulturarbeidarar ved Ambrosiahuset utanfor Bergen.

Det er mogleg å søkje om opphald på mellom 3 veker til to månader.

Målgruppe

Målgruppa for tilbodet er kunstnarar, kulturarbeidarar og –forskarar frå Castilla y Leon, Burgosregionen og Hordaland fylke. Med dette meiner vi til dømes kunstnarar innan alle kunststartar, kunsthandverkarar, omsetjarar, filologar, historieforskarar. Det kan søkjast direkte som privatperson eller via organisasjonar, universitet eller andre institusjonar.

Det kan vere aktuelt å opne for andre andre ved evt. ledig kapasitet.

Om bustadene

Bustaden i Bergen, Hordaland, Noreg:

Hordaland fylkeskommune stiller Ambrosiahuset til disposisjon. Ambrosiahuset ligg på Hordamuseet i Fana bydel omlag 16 km utanfor Bergen sentrum. Bergen er administrasjonssenteret i Hordaland fylke.

Bustaden i Covarrubias, Burgos, Spania:

Prinsesse Kristinastiftelsen stiller til disposisjon leiligheit i Avenida Victor Barbadillo nr. 11 i Covarrubias. Covarrubias er ein landsby med omlag 600 innbyggjarar, omlag 40 km utanfor regionshovudstaden Burgos.

Husverene har ikkje verkstadsrom, spesialtilpassa atelier el. Husa er fullt utstyrt, men med enkelt standard.

Det vert vedlagt eigne skriv med presentasjon av huseverene ved utlysing.

Residenten pliktar å følgje gjedande husreglar, og er ansvarleg for tilsikta og utilsikta skade utover vanleg bruk.

Det vil vere ein kontaktperson på kvar stad som vil kunne vere behjelpeleg.

Generelt:

Residenten er sjølv ansvarleg for sitt fagelege utbytte og opplegg. Dette tilbodet er i hovudsak eit høve til konsentrasjon og kontemplasjon i ein periode. Ein har brukt ordet refugium for å karakterisere dette tilbodet.

Det inngår ikkje opplegg for nettverk i dette tilbodet, men Norsk forfattersentrum Vestlandet/Hordaland fylkeskommune og Prinsesse Kristinastiftelsen/ Fellesskapet St. Olav er behjelpelig med å formidle kontaktar ut frå enkeltbehov. Det kan vere mogleg å etablere kontakt med større kunst, kultur- og kunnskapsmiljø i byen Burgos og i Bergen.

Det er ikkje stipend el. knytt til utvekslinga, og residenten står sjølv for finansiering av reise, kost og andre utgifter knytt til opphaldet. Det kan vere aktuelt at residenten må dekke utgifter til straum, vatn ol med opp til 50 Euro pr. veke.

Det er ikkje krav om deltaking i lokale aktivitetar eller om produksjon.

Søknad og utlysning:

Søknaden må innehalde:

- Kort skildring av arbeidet / intensjon for opphaldet
- CV
- Henvising til / døme på relevant arbeid.

Etter opphaldet skal det leverast ein kort rapport med evaluering av opphaldet og vurdering av utbyte for residenten.

Det er mogleg å sende søknad gjennom heile året, men handsaming og fordeling av tid vil skje to gonger i året. Informasjon om ordninga og søknadsinformasjon skal ligge tilgjengeleg på ulike nettsider.

Frå spansk side vil tilbodet verte lyst ut gjennom ålmenne kommunale og regionale kanalar og nettsider, og retter seg i utgangspunktet ikkje til spesielle kunstorganisasjonar el.

Norsk Forfattersentrum Vestlandet forvaltar ordninga på vegne av Hordaland fylkeskommune, og har ansvar for utlysning og tildeling. Tilbodet vil verte lyst ut og presentert i hovudsak gjennom nettsidene til Norsk Forfattersentrum og Hordaland fylkeskommune.

Utveljing av residenter:

Frå spansk side:

Prinsesse Kristina-stiftelsen vil stå for utveljinga av kunstnarar frå Spania på bakgrunn av råd frå ein komité. Denne utveljingskomiteen vil bestå av ein representant frå Prinsesse Kristina-stiftelsen, ein representant frå Covarrubias kommune samt ein representant frå Felleskapet St. Olav i Covarrubias.

Frå Hordaland / norsk side:

Hordaland fylkeskommune v. fylkesrådmannen vil oppnemne ein tilsvarande komité, med ein representant frå Kultur- og Idrettsavdelinga, ein representant frå Norsk Forfattersentrum Vestlandet og ein uavhengig representant. Norsk Forfattersentrum Vestlandet er sekretariat for komiteen.

Norsk Forfattersentrum Vestlandet vil få i oppgåve å administrere tiltaket på norsk side. Dette inneber både arbeid med dei norske søknadene og søkjarane, og å vere kontaktpersoner for dei spanske kunstnarane som kjem hit.